



Arkiv nr:

Sak nr 22/2017

Møtedato: 8.11.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Avtaler med løypelag, delegering

I sak 14/2016 gjorde fjellstyret vedtak om korleis ein skulle behandle saker knytt til motorkjøretøy på vinterføre etter § 12 i fjellova. I punkt 9 i vedtaket vart det bestemt slik: *Løypekjøring er avgrensa til Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene og Valdres trekkhundklubb (allbruksløype). Det skal utarbeidast eige avtale for kvart lag basert på standardavtale som er tilrådd av grunneigar- og friluftsansjonane. Avtale er avgiftsfri for laga.*

Det er ikkje gjort skriftleg avtale med løypelaga endå. Sidan det er sett avgrensing på kven som kan ha slikt løyve og kva avtale skal baserast på, er det mest praktisk om rett til å inngå avtale blir delegert til fjellstyreleiaren utan at ein skal behandle dette i fjellstyret.

## Framlegg til vedtak:

Fjellstyreleiaren får delegert fullmakt til å inngå avtale med dei fire løypelaga. Administrasjon lagar framlegg til avtale basert på standardavtale og med ev. lokale tilpassingar for vilkår, samt kartfesting av løyper.

## Vedtak:

Fjellstyreleiaren får delegert fullmakt til å inngå avtale med dei fire løypelaga. Administrasjon lagar framlegg til avtale basert på standardavtale og med ev. lokale tilpassingar for vilkår, samt kartfesting av løyper.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.17

Harald Ranum

Utskrift: